



Statens vegvesen

Terje J Ledahl AS
Nordnesveien 21
5005 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/83050-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
14.06.2017

Svar – Fv. 409 – Reguleringsplan Manger sentrum felt B4 – Gnr. 45 bnr. 84 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til e-post mottatt 19.05.2017.

Du ber om møte for å få ei avklaring forkant av oppstart av arbeid med regulering av felt B4 i reguleringsplan for Manger sentrum (2008). Du har lagt ved eit kart som kan syne framlegg til ei plangrense, og du seier at det er semje med kommunen at rundkøyring og busshaldeplass skal fjernast frå planen.

Kollektivterminal og rundkøyring er del av den samla løysing for infrastrukturen i Manger sentrum. Kollektivhaldeplass er mellom anna prioritert gjennom den såkalla Nord – Hordalandspakken. Dersom denne del av Manger sentrum skal endrast eller omregulerast meiner vi at dette krev ei politisk avklaring i Radøy kommune. Ein må i så fall også finne annan løysing / plassering av kollektivterminal i samråd med Skyss.

Slik vi ser det må ei eventuell planlegging av felt B4 legg til grunn at det kjem ei rundkøyring og tilkomstveg til feltet i framtida slik det er planlagt for gjennom reguleringsplan for Manger sentrum.

Du viser også til at felt B4 kan koplast på offentleg veg om det nye krysset til Rema 1000. Dette kan vere relevant for ei mellombels løysing til rundkøyringa er realisert. I så fall må ein vurdere trafikkgrunlaget i dette krysset og den vidare utviklinga av næringsområdet som skal nytte dette krysset.

Når det gjeld byggjegranser i planen kjem desse fram av reguleringsplan for Manger sentrum. Det kan sjå ut til at det er planlagt for ei byggjegrænse på 15 meter. Dette er aktuelt når rundkøyringa er etablert. Slik vi ser det vil det vere behov for meir areal i anleggsfasen når rundkøyringa vert etablert, og planarbeidet i området må ta høgde for det.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vi vil gjerne stille på møte og diskutere løysingar og plangrense, men meiner at då må også kommunen vere representert.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER